

RIKSANTIKVAREN  
Postboks 8196 DEP  
0034 OSLODato: 06.07.2018  
Vår ref.: 2015/8551-109  
Saksbehandlar: solrong  
Dykkar ref.:

## **Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK) 2016 - Anmodning om utbetaling av tilskot - Meland kommune - Hordaland**

Me viser til dykkar brev av 21.4.2016 med tilsegn om tilskot gjennom Bevaringsprogrammet for utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK) til prosjekt «Kulturminne i Leirvik» i Meland kommune i Hordaland.

Hordaland fylkeskommune har motteke førespurnad om utbetaling av tilskotet i brev frå Meland kommune datert 02.07.2018. Prosjektet er gjennomført og fylkeskommunen har motteke bilete av gjennomført tiltak og rekneskap. Prosjektet fekk i 2016 tilsegn om kr 36 000,-. Det framkjem av brev frå Meland kommune at det i gjennomføringa av prosjektet vart nytta større grad av interne ressursar enn venta. Meland kommune ber difor om lågare utbetalingssum enn tildelingssum.

Vedlagt er brev frå Meland kommune med førespurnad om utbetaling av tilskot. Brevet inneheld skildring av tiltaket og rekneskap. Vedlagt er òg bilete av tiltaket. Hordaland fylkeskommune godkjenner dette som sluttrapport. Då prosjektet gjaldt formidling av utgravne kulturminne og kulturminne registrert i eit stort område, er det ikkje aktuelt å utarbeida skjøtselsplan i tilknytning til prosjektet.

Tilskotet skal utbetalast til:

Hordaland fylkeskommune Fylkeskasseraren Postboks 7900  
5020 Bergen

Org.nr. 938 626 367  
Bankkonto: 5201.06.74239

Merkast: 400.640.00. prosjekt 40022

Hordaland fylkeskommune ber om utbetaling av **kr 29 700,-** av tildelt tilskot til prosjekt «kulturminne i Leirvik» i Meland kommune i Hordaland, tildelt gjennom BARK i 2016. Prosjektet er ferdigstilt og avslutta.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Solveig Lohne Rongved  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

- 1 Sluttrapport med førespurnad om utbetaling av tilskot - Meland kommune - Hordaland
- 2 Foto av gjennomført tiltak prosjekt "Kulturminne i Leirvik" - Meland kommune - Hordaland